


KOMMUNEPLAN LEIKANGER KOMMUNE

SAMFUNNSDELEN

2015 - 2026




Design: Sunniva Lerum og Juho Henell Foto: Roar V




LEIKANGER KOMMUNE
SKRIVARVEGEN 7 - 6863 LEIKANGER

VEDTEKEN I LEIKANGER KOMMUNESTYRE 7. MAI 2015



Innhold:

Innleiding.....	s. 3
Presentasjon av satsingsområda.....	s. 4
Planprosess og plansystem.....	s. 6
Leikanger - Potensiale og utfordringar.....	s. 7
Leikanger mot 2026.....	s. 8
1) Busetjing og inkludering.....	s. 10
2) Næringsutvikling og verdiskaping.....	s. 13
3) Oppvekst, eldre og helse.....	s. 16
4) Kultur og fritid.....	s. 19
5) Regional utvikling.....	s. 22
Status og behov for planar.....	s. 25
Målbilete 2026.....	s. 26



Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein overordna plan som inneholder utviklingsmåla for kommunen. Planen peikar på satsingsområda med mål og strategiar for korleis kommunen, næringslivet, innbyggjarane og dei frivillige laga og organisasjonane skal arbeide saman for å realisere dei felles overordna måla. Han skal gje føringar for kommunen si verksemd, og gjere kommunen si rolle innanfor utviklinga av organisasjonen og Leikangersamfunnet tydeleg.

Plan og bygningslova § 20 fastset at kommunen skal drive med løpende kommuneplanlegging. Kommuneplanen skal ha to delar. Samfunnsdelen femner om måla for utviklinga i kommunen, og arealdelen er ein kartfesta plan for korleis areal og naturressursar i kommunen skal nyttast. Arealplanen er juridisk bindande. Begge planane skal takast opp til drøfting, og eventuell revidering, ved kvar valperiode i planstrategien. Det er kommunestyret som står ansvarleg for utarbeiding av kommuneplanen, både prosessen og planinhaldet.

Samfunnsdelen i kommuneplanen er eit viktig strategisk plandokument. Han skal vere eit aktivt styringsdokument som gir mål og retning for korleis Leikanger skal utvikle seg fram til 2026. Handlingsplanen og økonomiplanen vert rullert kvart år. I denne prosessen hentar ein inn synspunkt frå dei som tiltaka vedkjem eller som har ansvaret for gjennomføringa. Handlingsdelen vil liste opp tiltak under kvar av dei prioriterte strategiane, og vil visa kven ein ønskjer å samhandle med for å nå dei ønskete måla. Dei prioriterte strategiane som er uteha i tabellane ønskjer me og få med i den første økonomiplanen (2016 – 2019). Planprosessen kan ikkje gjennomførast utan å ta omsyn til eksterne prosessar, både regionalt og nasjonalt. Særleg blir konklusjonane rundt framtidige kommunegrenser noko som i høg grad kan påverke Leikanger som eigen kommune. Uavhengig av framtidige kommunegrenser skal planen vere ein reiskap for å nå det overordna målet for Leikangersamfunnet:

EIT BEREKRAFTIG LEIKANGER I V E K S T





Frukthausting. Foto: eige arkiv

Satsingsområda og strategiane byggjer på kvalitetar og mulegheiter vi har, og dei grip tak i utfordringar og risikoar som Leikanger står framfor. Dette er konkretisert gjennom ein overordna strategi for tenestetilbod, tiltak og aktivitetar:

Vi skal prioritere og gjere val som støttar opp under det overordna målet om Leikanger som eit berekraftig samfunn i vekst.

Haldning og handling skal vere kenneteikna av openheit, initiativ, førebygging, handlekraft og samarbeid.

Planen har fem satsingsområde:



Busetjing og inkludering



Næringsutvikling og verdiskaping



Oppvekst, eldre og helse



Kultur og fritid



Regional utvikling



Miljø, berekraft og folkehelse er sentrale tema som gjennomsyrer planen og som er tett kopla saman med førebyggjande arbeid. Førebyggjande arbeid er beste løysing både på eit økonomisk makronivå og for kvar enkelt innbyggjar.

Formålet med plan og bygningslova (§1-1) er å «fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner», og vidare: «det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives». FN sin definisjon på bærekraftig utvikling er: «utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov». Å sikre at Leikanger blir eit bærekraftig samfunn handlar mellom anna om å førebyggja, slik at ein reduserer sårbarheita med tanke på kommande klimautfordringar. I Leikanger er ekstremnedbør ei potensiell utfordring, med fare for flaum i elvar og bekkar og jordskred (særleg på snauhogstflater). Ei havstiging kan gjere store inngrep i strandsona og på bygga og anlegga her. Det er i hovudsak miljøvennlege næringer i Leikanger, fjorden er lite i bruk til næringsføremål, og ureining av luft og drikkevatn er minimal. Det er viktig å ta tak i dei utfordringane me har for å halde ved like det gode miljøet og for å førebyggja klimaendringar (sjå strategiar side 17). Forskrift for samordna areal og transportplanlegging må følgjast, og med ei fornying og fortetting av sentrum vil ein kunne minimalisere transportbehov og utslepp internt i kommunen.

Omgrepet folkehelse femner breitt, og handlar om heile mennesket. Folkehelse (folkehelselova § 3) er definert som «befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning». Formålet med folkehelselova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, og utjamnar sosiale ulikskapar. Arbeidet skal fremme innbyggjarane si helse, trivsel, sikre gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Leikanger sitt næringsliv er dominert av dei offentlege kontorarbeidsarbeidsplanane, noko

som gir oss særlege utfordringar når det gjeld skjelett og muskelsjukdommar. Folkehelseprofilen for Leikanger viser ei auke i tal på tarmkreft, men det er uklart kva som er årsaka til diagnosen, og kva som kan gjerast for å førebyggja. På skulane er trivsel i skulane og godt læringsmiljø eit prioritert tema. Skulane ligg godt ann på trivsel samanlikna med landsgjennomsnittet, men me er ikkje best i den lokale statistikken. Folkehelseprofilen vert utarbeidd kvart år, og vert lagt fram for kommunestyret kvart fjerde år. Det er viktig å følgje opp profilen over tid for å få ei god forståing av dei generelle strøymingane. Me må vera fleksible slik at me kan ta tak i dei utfordringane som oppstår til eikvar tid.




Planprosess og plansystem

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel starta opp vinteren 2014. Planprogrammet vart lagt ut til høyring 20.02.2014, og kommunestyret vedtok planprogrammet 19.06.2014. For å sikre medverknad har det vore invitert til arbeidsmøte på kvart enkelt tema. Private og offentlege verksemder, frivillige lag og organisasjoner, kommunale etatar (tenesteleiarar) og kommunale råd har bidrige med forslag til tiltak. Forslaga vil bli tekne fram i det årlege arbeidet med handlingsdelen og budsjettet.

På bakgrunn av eit administrativt førrearbeid har formannskapet handsama utkast til samfunnsdelen. Utkastet vart teke opp i planforum i regi av fylkeskommunen, der det kom mange konstruktive innspel. Samfunnsdelen i kommuneplanen vart sendt ut til høyring etter vedtak i formannskapsmøtet 02.02.2015, med høyringsfrist 01.04.2015, og vart vedteke i kommunestyret 07.05.2015. Plansystem i Leikanger kan illustrerast slik:

Samfunnsdelen i kommunen skal gjelda i 12 år. For å nå måla våre trengst det handling både frå kommunen som organisasjon og frå andre aktørar, regionalt og nasjonalt. Arbeidet internt vil bli følgt opp i kommunedelplanar og verksemndplanar for den enkelte tenesteeining i kommunen, med tilhøyrande handlingsplanar. Økonomiplanen er styringsverktøyet, der kommunestyret prioriterer ut frå mål og strategiar i kommuneplanen.



Leikanger - potensiale og utfordringar


Leikanger har mange kvalitetar, og det er ein god stad å vekse opp, bu, arbeide og bli gammal i. Det er ein variert og attraktiv arbeidsmarknad, vi har tett busettingsstruktur, og nærliek til regionsenteret Sogndal, som handels-, utdannings- og kommunikasjonsknutepunkt. Kommunen har generelt ein god digital infrastruktur. Skulekvaliteten og resultata er blant dei beste i landet. Den frivillige sektor og dugnadsviljen er stor, med aktive og kunnskapsrike innbyggjarar. Kommuneorganisasjonen er løysingsorientert og har ein sterk lokalkunnskap, med velferdstenester av god kvalitet. Naturen og kulturlandskapet har kvalitetar som gjev rike mulegheiter for berekraftig, grøn næring og aktivt liv ved fjorden og fjella. Det har vore jordbruksdrift i Leikanger i minst 4000 år, og satsingane på bær- og fruktdyrking viser ein optimisme i næringa. Vi skal spele på desse kvalitetane og utvikle dei vidare.

Samstundes står Leikanger overfor fleire utfordringar. Kvalitets- og myndighetskrav til tenestetilbod tek store deler av kommunen sine ressursar, og gjev utfordringar med tanke på kapasitet og kompetanse. Dette set kommunen si rolle som utviklingsaktør under sterkt press. Leikanger må ha sterkt fokus på samfunnsutvikling av fleire grunnar. Som administrasjonssenter for fylkeskommunale og statlege verksemder heng arbeidsplassutvikling og busetting sterkt saman med i kva grad Leikanger og Sogn klarer å rekryttere, og halde på, tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft til dei offentlege arbeidsplassane. Leikanger er ein tilflyttarkommune, med ei relativt stor vidareflytting, og mykje inn-pendling. Innbyggjartalet veks ikkje i takt med etablering av nye arbeidsplassar. Dette utfordrar oss med omsyn til å invitere og inkludere nye inn i lokalsamfunnet vårt. Det set krav til vertskapsrolla vår, og det trengst eit systematisk arbeid som aukar lysta til å busetje seg her, og

til å bli buande. Vidare står vi overfor potensielle endringar i forvalningsstruktur og oppgåveløysing, som vil påverke arbeidsmarknaden i heile Sogn. Leikanger og Sognregionen må vere framoverlente og ta grep som sikrar Leikanger sin posisjon som senter for administrasjon for regional og statleg verksemd.



Jonsokfeiring på Nokkaneset. Foto: eige arkiv




Leikanger mot 2026

Folketalet i Leikanger har hatt ein jamn auke fram til 90-talet, då det vart ein svak nedgang. Som tabellen under viser, har folketalet teke seg opp att, og det er venta ei jamn auke i innbyggartalet det neste tiåret.

Tabellen viser at auken i folketalet kjem frå ein auke i aldersgruppa 60 – 90 år. Det vil vere 150 personar fleire over 60 år i 2025 enn i 2015, og ein kan vente at auka vil halde fram vidare. Korvidt dette fører til aukande pleiebehov er vanskeleg å seie, men dette må følgjast opp kontinuerleg. Talet på born i barnehage og skular varierer noko, men totalen over tider nokså stabil. Utviklinga tilseier at det vil vera ein liten auke i behovet for barnehageplassar.

Me vil arbeida for å auke folketalet med 25 personar i året frå 2016 og i 10 år framover. Dette er 64 fleire enn prognosane tilseier. Dette vil me gjere gjennom eit meir aktivt arbeid rundt nytelsetjingar i dei store verksemndene, og med mål om å få tilflyttarane til å busetje seg og å bli verande.



	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
0 år	26	27	27	27	27	27	27	27	27	28	28
1-2 år	54	54	54	54	54	55	55	56	56	56	56
3-5 år	79	81	82	84	85	85	86	86	86	87	88
6-15 år	334	333	316	311	313	318	313	312	313	321	315
16-19 år	113	117	144	152	151	148	139	140	141	140	140
20-29 år	266	266	262	258	259	264	282	286	286	283	291
30-59 år	846	849	851	859	847	852	851	848	842	854	855
60-69 år	298	292	296	290	304	300	313	321	331	327	320
70-79 år	183	197	209	217	232	242	251	255	263	261	272
80-89 år	84	87	85	85	90	89	89	92	101	118	127
90 år og eldre	25	24	25	26	25	28	27	25	25	23	21
I alt	2308	2327	2350	2365	2387	2408	2433	2448	2471	2498	2513


Folketalsframskrivning for Leikanger 2014 – 2025: Kjelde:fylkeskommunen/PANDA

For arbeidslivet, er fylkeskommunen/Panda sine framskrivingar slik:

	2014	2020	2025
Yrkesaktive	1214	1244	1272
Yrkesaktive i % av folketalet	53,1%	51,7%	50,6%

Sjølv om det er fleire personar i arbeid, går prosentdelen av yrkesaktive ned samanlikna med det totale folketalet. Prognosene føreset at same tal personar i kvar aldersgruppe er yrkesaktive som i dag.

Det er vanskeleg å seie noko om bustadbehovet i Leikanger på lang sikt. Auken i talet på eldre framover, med majoriteten buande i einebustadar, tilseier at det sannsynlegvis vil vere ein auke i etterspurnaden etter nye einebustadar. Talet på eldre som vil flytte frå einebustad til mindre bustad er usikkert. Dette vil i høg grad påverka kva type bustadar det vil vere behov for framover. Prognosene fra fylkeskommunen viser at det trengst 114 nye bustadar i perioden 2013 – 2025, men talet må tolkast med varsemd. Det skal gjennomførast ei kartlegging av innbyggjarane sine bustadpreferansar for å få ein peikepinn på kva type bustadar det er behov for i åra som kjem.



1) Busetjing og inkludering

Leikanger kommune skal vere ein kompetent samfunnsutviklar på næringsliv og busetjing, og tilby kommunale tenester av høg kvalitet.

Me skal ha eit målretta folkehelsearbeid som legg opp til trivsel og aktivitet, som igjen resulterer i rekruttering av nye innbyggjarar til kommunen.



Leik ved fjorden. Foto: eige arkiv

Me vil arbeida for å utvikla den kommunale bygningsmassen og energibruken i ei berekraftig retning, og me vil sjå på potensielle miljøtiltak i nærmiljøa våre.

Per 01.07.2014 hadde Leikanger kommune 2256 innbyggjarar. Dei siste fire åra har det vore ei nettoinnflytting som varierer mellom 9 og 39 personar (statistikk frå SSB). Kommuneplanen set som mål å auke folketalet med 25 innbyggjarar per år, totalt 275 på 11 år. Dette er noko meir enn folketalsframskrivinga legg opp til.

Me ser det som viktig å vere del av ein regional bu- og arbeidsmarknad, særleg med tanke på at det skal rekrutterast kvalifisert personell til alle type stillingar. Ved årsskiftet 2014/2015 var det 458 fleire som pendla inn til Leikanger enn som pendla ut til nabokommunane. Me ser eit potensiale her, og trur me kan få fleire til å busette seg i kommunen dersom me har eit auka fokus på gode og trygge nærmiljø og møteplassar. Ein auke i talet på innflyttarar vil ofte skape meir aktivitet i lokalsamfunnet, som igjen gjer at fleire ønskjer å bli buande. Ei slik utvikling har positiv effekt på folkehelsa, fordi folk har sosiale møteplassar og aktivitetstilbod.



Omdømmebygging er sentralt for busetting. I tillegg til å vere medvitne rundt korleis me nyttar media, er det viktig å vera stolte over bygda si. Dette er god marknadsføring for kommunen, og aukar sjansen for at ungdom blir buande eller flyttar heim att. Etatane i Leikanger som tilbyr studentar frå heile landet sommarjobbar, marknadsfører kommunen godt.

For at innbyggjarane skal trivast i kommunen treng me eit inkluderande samfunn. Det er viktig å ha ein meiningsfull jobb å gå til, å trivast i barnehage og på skule, å ha fritidstilbod som passar med interessene og å vera ein del av eit godt sosialt fellesskap. Inkludering skjer på mange plan og det handlar til dømes om universell utforming og utjamning av sosiale ulikskapar. Inkludering er avhengig at vi ser heilskapen i samfunnet og koplar relevante prosessar, tiltak og ressursar mot kvarandre.



Me ønskjer at sentrum i Leikanger skal vere ein triveleg møteplass, der folk i alle aldrar tykkjer det er kjekt å vere. Med eit tett og triveleg sentrum sikrar me grunnvilkåra for eit levedyktig næringsliv. Me vil fokusere på at sentrumsområdet blir eit sentrum for aktivitet og eit rom der folk kjenner at dei vil vere og høyrer til.

Delmål

Prioriterte strategiar

Andre strategiar

- Busetjing og tilflytting -

Mangfaldig bustadmiljø med trygge møteplassar og godt nærmiljø

- Tilby full barnehagedekning
- Utvikla ein plan for kommunale bustadar der ein med anna prioriterer gjennomgangs- og utleigebustader med sentral plassering.
- Utvikla ein heilskapleg plan for Hanahaug for å gjera området til eit triveleg buområde.

- Omdømmebygging -

God kommunikasjon mellom kommunen, næringslivet og innbyggjarane

- Føre ein inkluderande og open personalpolitikk som byggjer dei tilsette sin kunnskap og kompetanse
- Utvikla ein god mediestrategi for kommuneorganisasjonen med tanke på Leikanger som lokalsamfunn
- Arbeida for at ungdom og unge vaksne trivst, slik at ungdom vil kome heim att etter opphold borte, og slik at tilflyttarar vert buande

- Sentrumsutvikling -

Eit sentrum med sosiale ,bærekraftige kvalitetar som sikrar sambruk av areal, bustadområde, tilrettelagde møteplassar og grøntareal til rekreasjon.

- Gjennomføre ei strategisk utvikling av sentrumsareal , inkludert ein fortettingsplan som sikrar at fleirtalet (75%) av nye bustader i kommunen skal vera sentrumsnære
- Kartleggja bustadpreferansar med tanke på vidare utbygging av bustader i sentrum

- Arbeida for å etablera bumiljø som legg opp til sosial aktivitet
- Arbeida for at det til ei kvar tid finst ledige tomter, hus og leilegheiter, og marknadsføre desse
- Auka samarbeidet med dei frivillige organisasjonane, slik at dei kan ha auka fokus på integrering og inkludering
- Samarbeide med private utbyggjarar for å løysa ut kommunale samfunnsbehov

- Vere serviceinnstilte og arbeida for å dekke innbyggjarane sine grunnleggande behov på best mogleg måte
- Vere ein attraktiv arbeidsgjevar og tilby arbeidsplassar med gode vilkår

- Følgje opp utbygginga av sentrumsplassen med eit heilskapeleg og inkluderande fokus, slik at området blir ein aktivitetsskapande møteplass
- Støtta opp om eit levedyktig sentrum
- Arbeida for ei strategisk utvikling av areal i sentrum

2) Næringsutvikling og verdiskaping

Innovative aktørar i privat og offentleg sektor skal oppleva at det er lett å etablera og utvikla verksemder i Leikanger. Kommunen skal vera ein aktiv samarbeidspartner i arbeidet med å utvikla eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv.




Fruktpakking hjå Sognefrukt SA. Foto: Eige arkiv.



Me vil arbeide for at klimasmart planlegging gjennomsyrar eigen organisasjon, og støtte opp om miljøvennlig næringsliv.



Me vil ha fokus på sysselsetting og arbeidstiltak som ein del av det førebyggande helsearbeidet og rehabilitering.




I 1863 busette Amtmannen Nordre Bergenshus Amt seg i Leikanger. Dette var starten på utviklinga av den offentlege administrasjonen i kommunen. I dag har fylkeskommunen, fylkesmannen, NAV Sogn og Fjordane, Statens vegvesen, Difi og skatteetaten kontor på Leikanger. Per 01.01.2015 var det 840 tilsette i desse verksemndene. Det er klart at dei offentlege arbeidsplassane er svært viktige for Leikanger. Sjølv om talet på innbyggjarar ikkje veks i takt med etablering av nye arbeidsplassar, gir dette eit potensiale for utvikling og vekst.

Dei viktige avgjerdene for desse etatane vert tekne på regionalt og nasjonalt nivå. Leikanger er såleis svært avhengig av eksterne avgjersler og styring. Sjølv om det har vore ein optimisme i frukt- og hagenæringa dei siste åra er det svært få bønder som ikkje har anna arbeid i tillegg. Det er viktig for oss at me får fleire bein og stå på og derfor våge å satse og tenkje nytt når det gjeld arbeidsplassar. Tilbodet om arbeid i det offentlege er nok ei av årsakane til at det er få private gründerar i kommunen samanlikna med nabokommunar. Me vil arbeide for at allereie etablerte næringar i kommunen vert styrkte, samtidig som det skal leggast til rette for nye verksemder.

For å følgje med på utviklinga i landbruk og skogbruk, er det viktig at kommunen har kompetanse på kva som er gode satsingsområde og korleis ein nyttar seg av dei ulike støtteordningane som finst. I landbruk og skogbruk, som i anna næringsliv, er kvar enkelt aktør ofte for liten til å setje seg inn i utviklinga som finn stad. Me ser det derfor som viktig å samarbeida med nabokommunar for å kunne tilby fagleg rettleiing til dei som ønskjer det. I all næringsverksemde er det viktig å etablera nettverk, slik at små bedrifter kan utvikla seg på eigne premissar.

Dei offentlege etatane er dei største og viktigaste arbeidsgjevarane i Leikanger. Me vil ha eit godt og tett samarbeid med desse organisasjonane, slik at dei kan fungere godt i Leikanger og dei vert verande her. Bruken av tinghusanlegga som mellombelse kontor medan Statens vegvesen bygde seg nye lokale er eit døme på ein vinn-vinn situasjon. Å utvikle offentlege næringar krev ikkje særleg mykje areal, men tilrettelegging sentralt. Det krevst ofte fleire parkeringsplassar, men utviklinga av eventuelle nye bygg må sjåast i samanheng med offentleg kommunikasjon. I første omgang skal det gjerast eit arbeid for å finne ein god framtidig bruk av tinghusanlegga. Gjennom god dialog mellom kommunen og verksemndene kan ein styrke kunnskapen om kva behov etatane har, og kva me som vertskommune kan gjere for å imøtekamma desse.



Delmål

- Næring, etablering og dei offentlege etatane -
Me skal vera aktive i arbeidet med å styrka eksisterande næringar, leggja til rette for nye verksemder og vere eit godt vertskap

- Landbruk,skogbruk, frukt og bær -

Prioriterete strategiar

-Samarbeida systematisk med dei andre offentlege etatane og næringslivet i kommunen for å:

- rekruttere arbeidskraft og sikre tilflytting,
- samarbeida om kompetanseheving hjå tilsette,
- kartlegge behov og potensiale hjå kvar enkelt verksemd
- følgja opp forvaltningsutvikling, arealbehov, eigarskap og vertskap

- Arbeida tett med bedrifter og næringsaktørar i kommunen for å nå felles mål og skape nettverk i lag med dei små verksemdene


Andre strategiar

-Utarbeida ein strategi for framtidig bruk av tinghusanlegget
-Samarbeida med dei store etatane for å følgje opp forvaltningsutvikling, eigarskap og vertskap
-Nytta kulturminner til å vidareføra kulturarven og som grunnlag for næringsutvikling, kunnskap og opplevingar
-Marknadsføre det nye næringsarealet på Kvålen
-Byggja vidare på kompetansen det ligg i desse arbeidsplassane og støtte opp om innovasjon og nye tenester frå desse miljøa

Me skal ha god kompetanse på landbruk, skogbruk, frukt- og bærproduksjon for å støtte opp om og for å sikre gode investeringar

-Sikra at skogbrukskompetansen i kommunen vert godt nytta, følgje opp uttak av skog og virke, og laga ein hovudplan for vegnett/skogsvegar og uttransportering av tømmer.
-Kartleggja og utarbeida ein plan for jord- og hagebruksareal som i dag ikkje er i bruk.

Formidla kunnskap om gode støtteordningar og samarbeidspartner
-Stimulera til nyplanting av frukthagar
- Stimulera til vedlikehald og drift
-Arbeida vidare med fjellbruksplanen i samarbeid med grunneigarar
-Hindre fråfall frå arbeidslivet ved å fokusere på gode, skadefrie arbeidsplassar
- Arbeida for at kulturlandskap vert godt skjøtta



3) Oppvekst, eldre og helse

Innbyggjarane skal oppleva meistring og livskvalitet, størst mogleg grad vera aktive, ta ansvar sjølv og få hjelp til å meistra vanskelege livssituasjonar.



Barnehagen utforskar livet i fjøra. Foto: eige arkiv

Alt utviklingsarbeid skal leggja vekt på å skapa livskvalitet og trivsel i eit berekraftig lokalsamfunn.

Me vil arbeida for universell velferd som sikrar gode levevilkår for alle innbyggjarane våre, og stimulere til sosiale nettverk, deltaking og støtte i kvardagslivet.



Frå sentralt hald er det dei siste åra kome mange stortingsmeldingar med føringar om at kommunar skal ha eit sterkt fokus på førebygging og folkehelse. Folkehelseperspektivet skal inn i alle område som kommunane arbeider med. Det skal leggjast vekt på tidleg innsats, gode oppvekstvilkår, psykisk helse, samhandling og tverrfagleg kompetanse. Kommunane får årlege oppdateringar på helsetilstand hjå eigne innbyggjarar. I folkehelsearbeidet er det ei endring frå eit sjukdomsperspektiv til eit påverknadsperspektiv.

Leikanger tok i 2013 i bruk nytt helsesenter i 2013 plassert saman med sjukeheimen. På denne måten er det lagt eit godt grunnlag for eit auka tverrsektorelt samarbeid mellom helsetenester og pleie- og omsorgstenesta. Dette er eit viktig steg i fokusendringar frå sjukdomsperspektiv til rehabilitering. Vi vil halde fram med arbeidet med å endre fokus frå profesjonsstyrte einingar, til at fagpersonane samordnar tilrettelegging rundt den aktiviteten eller personen det gjeld. Me trur at dette vil styrka kjensla av medverknad i helse-, sosial- og omsorgstilbodet, og at dette blir eit godt grunnlag for at alle tek meir ansvar for si eiga helse. NAV har fokus på førebygging i målet om tidleg innsats og raske avklaringar, saman med kvalitet og respekt i oppfølginga av kvar enkelt. Det vil bli utarbeidd ein eigen delplan for pleie- og omsorgstenesta, som vil peike ut kurser vidare. Veksten i talet på eldre kan føre til større behov i pleie- og omsorgssektoren.

Førebyggjande arbeid må starte tidleg, og det er derfor viktig at barnehagar og skular har god kvalitet. Læring skjer gjennom heile livet, og er ein grunnleggande føresetnad for utvikling og vekst. I Leikanger kommune skal me leggja opp til at læringa som skjer i barnehage og skule vert basis for den livslange læringa.

Barn er av natur nysgjerrige og kunnskapssøkande. Oppvekstsektoren i Leikanger skal sørge for at barn og unge vert stimulerte til å søke kunnskap og gjere gode læringsval. For å oppnå dette må oppvekstvilkåra vere gode og trygge, og kvar enkelt må verte sett og bli møtt med respekt.



Leikanger helsecenter. Foto: Odd Arve Rakstad



Delmål

Prioriterte strategiar

Andre strategiar

- Oppvekst og miljø -

Me skal ha ei god samhandling mellom barn, unge, føresette, tilsette og frivillige med gode vilkår for trygg oppvekst

- Støtta opp om arbeidet med oppgradering av leikeplassar og andre møteplassar som legg opp til fellesskap og fysisk aktivitet

- tilby trygge opplegg som engasjerer og aktiviserer barn og ungdom
- Arbeida for velfungerande, offentlege kommunikasjonsordningars
- Ha eit godt, tverrfagleg samarbeid til beste for born og unge
- Halda fram med å tilrettelegga infrastruktur for dei mjuke trafikantane med særleg fokus på skuleveg, gang og sykkelvegar
- Sikra eit nærmiljø og skuleområde som inviterer til allsidig aktivitet
- Arbeida for utbetring av Njøsavegen

- Skular og barnehagar -

Me skal ha barnehagar og skular med høg kvalitet og fokus på trivsel, gode resultat og samarbeid med foreldre/føresette

- Syta for god samhandling mellom barnehagar, skular, heim og andre etatar og frivillige aktørar
- Sikre kvalitet i barnehagar gjennom godt arbeidsmiljø og rom for fagleg utvikling

- Ha fokus på fysisk aktivitet og kosthald, entreprenørskap og partnarskap
- Sikre at barnehagane og skulane har godt inneklima, oppdatert utstyr og godt vedlikehaldne bygningar
- Følgja strategisk plan for oppvekstsektoren med konkrete tiltak

- Helse og førebyggjande arbeid -

Me skal arbeida ut i frå eit folkehelseperspektiv, med fokus på førebygging, og samtidig ha eit godt system for rehabilitering

- Satse på rehabilitering, investere i omsorgsteknologi, og støtte opp om dei som ønskjer å bli buande heime lengst mogleg
- arbeida aktivt med førebyggjande arbeid innanfor psykisk helse og utvikla gode tiltak innanfor rus og psykiatri


- Følgja opp folkehelseplanen med konkrete tiltak, med anna gjennom det interkommunale lærings- og mestringssenteret
- Skapa miljø/arena for inkluderande møteplassar og aktivitetar for alle
- Syta for eit godt samspel med næringslivet og nyttja tilskotsordningars slik at ein saman kan skapa eit inkluderande arbeidsliv
- Utvika eit godt tverrfagleg samarbeid mellom etatane i kommunen med tanke på helse
- Greia ut høvet til å etablera frivilligheitsentral og til å nyttja han på best mogleg måte
- Kartleggja gode tekniske løysingar innanfor omsorgsteknologi og investere i dei beste løysingane
- Arbeida for gode løysingar som gjer at folk som ønskjer å bli buande heime lengst mogleg skal få høve til dette.

4) Kultur og fritid

Me skal ha eit levande og variert kultur- og friluftsliv med basis i frivillige lag og organisasjonar, der eldsjeler blir støtta opp om slik at dei gode initiativa blir ivaretekne og vidareutvikla.



«Vaorens vidlaste eventyr», Kjeringi Open frå fjell til fjord. Foto: Roar W V



Kommunen vil samarbeida tett med frivillig sektor for å skapa sunne og sosiale møteplasser for alle.




Kommunen skal forvalta natur, kulturlandskap og kulturminne slik at Leikanger sine kvalitetar vert ivaretekne for framtidige generasjonar.

For å sikre eit breitt spekter av kultur og fritidstilbod i Leikanger, er det naudsynt med gode lag og organisasjonar som tek seg av aktivitetar og arrangement. Kulturskulen i Sogn er eit interkommunalt samarbeid, og viktig for kulturtildobet i Leikanger kommune. Kommunen skal ha eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Særleg med tanke på folkehelsearbeidet, både førebyggjande og det rehabiliterande, er eit variert kultur- og fritidstilbod viktig. Samarbeidet som barnehagane og skulane har med nokre frivillige lag er eit døme på god samhandling til beste for alle partar.

Leikanger kommune har ein flott og variert natur. Fjella gjev flotte turturtilhøve både sommar og vinter. Den lange strandsona i kommunen har eit stort potensiale, og særleg i/rundt sentrum bør ein gjea større del av strandsona tilgjengeleg for ålmenta. Me ønskjer å ta vare på dei naturgitte kvalitetane i kommunen, og samtidig syte for at det er enkelt å bruke områda til trening og rekreasjon. Dette kan ein gjea med betra skilting, gode tilkomstvegar med parkering til turområda, og med å byggja opp stoltheit og eigarskap til naturen hjå innbyggjarane våre.

I 2009 vart Leikangerhallen opna. Denne er i aktiv bruk av lokale og regionale idrettslag, og kultursalen vert brukt til ulike arrangement med jamne mellomrom. Me skal samarbeide med lag og organisasjonar for å legge til rette for aktivitetar på alle nivå innanfor idretten. Me skal syta for eit godt samarbeid med fylkeskommunen, slik at me kan samordne drift, vedlikehald og utbygging av anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet. Barn og unge er ei viktig gruppe når det gjeld fysisk aktivitet. Me skal ha gode skuleområde og nærmiljø som gjer at unge trivst med å vere aktive. Dersom me lærer oss å verdsetje ute-aktivitetar i ung alder, kan det vekke ei interesse for å ivareta natur og miljø seinare i livet.

Me skal arbeida for at kulturlandskapet vårt vert skjøtta, og vera med og leggja planar for område som elles vert liggende brakk. Revidert arealplan for kommunen skal sikra jordressursane og kva areal som er særskilt viktig å ta vare på. Risiko og sårbarheitsanalyser (ROS) vert ein stadig viktigare del av arbeidet med å hindre og handtere hendingar som påverkar samfunnstryggleik. Me vil utvikle ein heilskapleg ROS-analyse som er godt forankra lokalt i organisasjonen for å sikre at kunnskapen er kjent og vert nytta.



Delmål

- Frivillige lag og organisasjoner -

Me skal ha ein god kommunikasjon mellom frivillig sektor og kommunen, særleg med tanke på barn og unge og inkludering

Prioriterte strategiar

- Samhandla med frivillige lag og organisasjoner slik at ein får eit gjensidig utbyte, sikrar lågterskeltilbod og inkluderande fritidstilbod, med anna gjennom årlege fellesmøte

Andre strategiar

- Oppretthalda samarbeidet mellom skulane/barnehagane og lag og organisasjoner, slik at born og unge får positive opplevingar og organisasjonane får høve til å rekruttere
- Støtta opp om fellesarrangementa som er etablerte i kommunen

- Idrett og friluftsliv-

Me skal leggja til rette for eit allsidig og helsefremjande tilbod.

- Gjera friluftslivtilbodet synleg og attraktivt gjennom vedlikehald og vidareutvikling av turløyper, stinettet i fjellet og oppfølging av anlegg og vegtilkomstar på Kleppa

- Kultur -

Me skal bidra til ei levande bygd og satsa på kulturelle aktivitetar som stimulerer interesse, forståing og toleranse hjå alle

- Sikra eit godt engasjement rundt arbeidet med kulturminneplanen

- Natur og miljø -

Me skal redusera dei negative verknadene på miljøet, bruke og ta vare på dei naturgitte kvalitetane

- Følgje opp miljøutfordringar, særleg lokalisering av restar av plantevernmiddel, oppfølging av ureiningstilførslar i Njøsaelvi, og fjerna bilvrak og anna utdatert utstyr

- Ivareta og vidareutvikla idrettsanlegga i kommunen, sikra at Leikangerhallen er i aktiv bruk, og at halldrifta er i tråd med kommunen og brukarane sine interesser
- Samarbeide godt med frivillige lag og organisasjoner, slik at det er tilbod om fysisk aktivitet for folk i alle aldrar og fysiske nivå
- Arbeida aktivt med bruk av strandsona i heile kommunen, med tanke på natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser

- Arbeida aktivt for å gje eit godt kulturskuletilbod i regionen
- Utvikle biblioteket i tråd med nye retningslinjer, til eit framtidsretta, fleirfunksjonelt lokale som er i aktiv bruk
- Marknadsføra eksterne tilskotsordningar og samarbeide for å få kulturarrangement av høg kvalitet
- Skapa medvit rundt natur, kultur og historie i regionen gjennom Sogn Folkemuseum

- Heva statusen til det nasjonale kulturlandskapsområdet på Grinde
- Auka tematikken om klima og miljø i skulane
- Stimulera til bruk av energi- og miljøvenlege løysingar som fjordvarme, el-bil, el-sykkel
- Nytta ROS-analysen aktivt i arbeidet til kommunen, og vere godt førebudde på klimaendringar
- Setje bruk av fjorden på agendaen

5) Regional utvikling

Leikanger skal vere ein aktiv bidragsytar i utviklinga av regionen.

Me vil arbeide for ei utvikling som samordnar transport og arealplanlegging, reduserer klimautslepp og gir ei effektiv arealutnytting på eit lokalt og regional nivå.

Me skal halde fram folkehelsearbeidet i samarbeid med nabokommunane for å kunna gje gode, tilrettelagde tilbod tilpassa kvar enkelt.



Statens vegvesen er eit av direktorata som har regionkontor på Leikanger, og fekk nye lokale i 2015. Foto: eige arkiv.

Regionen vår blir i aukande grad fletta saman, med anna gjennom interkommunale løysingar i tenesteproduksjon, pendling mellom kommunane, og felles fritidstilbod nabokommunane. Me skal vere med på utviklinga av regionen på ein måte som styrker fellesskapet og gjer det til eit attraktivt bu- og arbeidsområde. Samtidig skal me syta for at Leikanger sine interesser vert ivaretekne og vidareutvikla.

Kommunegrensene i regionen, som i resten av landet, går ei usikker tid i møte. Me skal ha ei aktiv og offensiv rolle i arbeidet med eventuelle kommunesamanslåingar. Det er eit omfattande arbeid knytt til dei regionale prosessane og endringane som skal skje, i og med at det er uklart kva for nokre oppgåver dei nye kommunane skal ha. Me skal setja oss godt inn i prosessen, slik at me kan vera med og ta gode avgjersler til beste for både innbyggjarane i Leikanger og i regionen.


Gode kommunikasjonar er svært viktig for dei offentlege etatane i Leikanger. Me må samarbeide godt med nabokommunane for å utvida flytilboden på Sogndal lufthamn. Det må òg setjast fokus på hyppigare avgangar og nattferje på ferjesambandet Hella.

For at folk skal trivast og slå seg ned regionen vår, er det viktig at me har eit variert kultur- og fritidstilbod. Det er naudsynt med eit samarbeid på tvers av dagens kommunegrenser for å sikre og vidareutvikle eit variert tilbod med alt frå lågterskelaktivitetar til arrangement av høg kvalitet. Me vil arbeide for at Sogn Folkemuseum, kyrkja, kulturskulen og andre kulturtilbod fungerer godt gjennom eit regionalt samarbeid.

For å sikre rekruttering av fagfolk, er det viktig at det finst eit variert tilbod i arbeidsmarknaden i regionen. Me vil vere med på å sikre eit attraktivt familjø for etablerarar og kompetanseverksemder, i og utanfor kommunen, gjennom eit auka samarbeid med nabokommunar. Det er kome på plass fleire interkommunale ordningar dei siste åra, og me vil arbeide for at desse fungerer godt, både internt og med tanke på demokratiske prinsipp rundt kven som styrer.



Ferja på Hella. Foto: Eige arkiv.



Delmål

Prioriterete strategiar

Andre strategiar

- Kommunikasjon -

Me skal ha gode og samordna kommunikasjonar, på land, sjø og i lufta

- Sikra Sogndal lufthamn som eit godt, regionalt flytilbod med god tilkomstveg

- Regionalt samarbeid-

Me skal vera proaktive i samarbeidet med nabokommunar, ha god kjennskap til utfordringar og bidra i styringa

- Ha eit godt interkommunalt samarbeid gjennom samarbeidsmøte og god eigarstyring av interkommunale selskap
- Auka næringssamarbeidet med nabokommunane

-Samarbeida gjennom Sogn Regionråd og undergruppene for å få ei god utvikling og vekst i heile regionen
-Halde fram samarbeidet om førebygging, rehabilitering og helseovervaking av innbyggjarane i regionen, for å utjamne sosiale helseskilnader og ha fagleg kompetanse på førebyggande helsearbeid
-Vera med og rekryttera og profilera regionen

- Kultur, opplevelingar og reiseliv -

Me skal ha eit breitt kultur- og opplevelingstilbod for fastbuande og tilreisande

- Støtta opp om det regionale reiselivsselskapet Visit Sognefjord
- Leggja til rette for nye produkt basert på natur, kultur og tradisjon

-Samarbeide med nabokommunar for å få fleire kulturtilbod til regionen
-Arbeide for at kulturminne blir kopla saman med regionalt reiseliv
-Støtte opp om kyrkja både som kulturbygg og som organisasjon.

- Kommunereforma -

Me skal vera offensive og godt førebudde på eventuelle endringar, slik at Leikangersamfunnet sine interesser vert ivaretakne.

- Delta i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadar av ei kommunereform i indre Sogn
- Evt. sjå på alternativet Leikanger, Luster og Sogndal, eller andre kommunar
- følgje opp arbeidet med å prioritere kva tenester som er viktige for Leikanger og sikra dei inn i ein større kommune

- Arbeida for at Leikanger vert administrasjonsstad ved evt. kommunesamanslåing
- Få auka kunnskap om kva oppgåver storkommunane og fylkeskommunen bør ha, slik at me kan delta og bidra i utviklinga på ein god måte.



Status og behov for planar

Kommuneplanen består av samfunnssdelen, arealdelen og ein handlingsdel.

Strategiane i samfunnssdelen legg føringer for arealplanarbeidet og skal følgjast opp i handlingsdelen og økonomiplanen. Kommuneplanane skal vere aktive styringsdokument, og verta følgt opp i kommunedelplanar og temaplanar, og årleg politisk vedteke handlingsprogram i økonomiplanen.

Leikanger kommunestyre har i Planstrategi 2012 – 2015 vedteke liste over planlagde planar i prioritert rekkefølge. Fleire av planane som skal utarbeidast i 2015 skal utgjere bakgrunnsmateriale for ny arealdel i kommuneplanen. Dette gjeld fortettingsplan for sentrum, strandsoneanalyse, plan for stiar og goter og kulturminneplan. På planlista for 2015 finn ein også reguleringsplan for Hanahaug.

Arealdelen i kommuneplanen skal vise hovudtrekka for korleis areal og andre naturressursar skal utbyggast og vernast. I Leikanger blir det vesentleg å få fram kor bustadområda skal lokalisera. Det må gjennomførast ei kartlegging av kva type bueiningar som trengst i Leikanger, slik at ein har ein peikepinn på mengde, type og pris å arbeide ut i frå. Sameins gjeld område for jordbruk. I arealkartlegginga er risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analyse) særskilt viktig. Målet er å få ei oversikt over område for fare, og merke desse som omsynssoner. ROS-analysar skal alltid vere gjort i forkant av planlegging av nye utbyggingsareal, også for å kartlegge potensielle klimautfordringar.

Den gjeldande arealdelen i kommuneplanen, 2008 – 2016, inneheld mange område som framleis er relevante. På bustadfronten er det sett av areal som skal nyttast til bustadbygging, mest i sentrumsnære område. Dette skal følgjast opp med fortettingsplan og ei kartlegging av kva type bustadar det er trond for i Leikanger. Det er også nadsynt med ein gjennomgang av arealet som er sett av til bustadbygging, for å kartleggja kvifor delar av arealet ikkje er nytta, og utarbeida plan for vidare arbeid med områda.

Det er tilgjengeleg areal for forretningsverksemd i sentrum. Saman med næringsområdet på Kvålen, vil det ut frå forventa utvikling i kommunen, dekke areal for næringsføremål i lang tid framover. For tida har Leikanger kommune rikeleg med ledig kontorlokale. Ei kartlegging av potensiell bruk av det største bygget, tinghus 2 og 3, er starta opp i 2015.

Ein ny planstrategi for neste valperiode skal liggja føre innan eitt år etter at eit nytt kommunestyre er valt hausten 2015. Med omsyn til avgrensa ressursar, er det viktig å etablere eit plansystem som kan haldast ved like med dei ressursane kommunen rår over. Strategiar og styringssignal frå kommuneplanen sin samfunnssdel skal vere i aktiv bruk og retningsgjevande for underordna planar. For at kommunen sitt plansystem skal vere eit godt styringsverktøy er det ein føresetnad at planar på ulike nivå står i eit gjensidig forhold til kvarandre. Prioriteringar av iverksetting av tiltak skjer gjennom økonomiplanen.

Målbilete 2026

Med bakgrunn i dei måla og strategiane som kjem fram i denne planen vil ein både politisk og administrativt kunna arbeida langsiktig for å nå måla våre om eit berekraftig Leikanger. Gjennom eit samarbeid med næringsliv og frivillige, vil ein kunne møte utfordingane som kjem på ein god måte. Me er då robuste nok til å møte dei føringane som kjem frå regionalt og nasjonalt hald, slik at me kan behalde kvalitetane me har i Leikanger og utvikle samfunnet vårt vidare til slik me vil ha det. I 2026 vil den oppveksande generasjonen ha vorte prioritert over fleire år. Dette har resultert i gode oppvekstvilkår for den enkelte, rom for medverknad, eit godt fysisk og psykisk læringsmiljø med kompetente pedagogar og gode evner og dugleikar som gjer dei til aktive og ansvarlege samfunnsborgarar. Ein god samarbeidskultur mellom heim og barnehage og skule, og mellom alle ledd og institusjonar i oppvekstsektoren, legg grunnlaget for at born og unge fungerer godt sosialt, lærer, utviklar seg og meistrar sin eigen kvardag.

Det frivillige kultur- og fritidstilbodet har stor aktivitet og breidde. Ei medviten satsing på kultur- og fritidssektoren som lågterskelarena er bidrege til inkludering og utvikling av nye idéar og aktivitetar. Ei god koordinering av det frivillige arbeidet har auka dugnads- og lagsarbeidet. Kulturskulen fungerer godt, og Saften og biblioteket, har fått ei utvida rolle som møteplass og kultursenter. Kulturminneplanen legg føringar for ei god ivaretaking av kulturminne, og legg grunnlaget for ei næringslivssatsing med fokus på natur- og kultukturkvalitetane langs fjorden og i fjella.

Næringslivet i Leikanger har fleire bein å stå på enn tidlegare, då det innovative miljøet rundt offentleg sektor er utvikla vidare gjennom ei medviten satsing og eit samarbeid mellom kommunen og dei store etatane. Det offentlege har

framleis dei store etatane plassert i Leikanger med ei god utvikling og rekruttering av arbeidskraft. Nysatsingar i landbruk og skogbruk har vore mogleg gjennom tilgang til auka kompetanse og kunnskap om gode investeringar og tilgjengelege støtteordningar. Ein har jobba strategisk med dei kommunale kontorbygga slik at alle fyller sin funksjon og er i dagleg bruk.

Gjennom ei medviten satsing på inkludering og omdømmebygging av Leikanger, er folketalet i vekst, og aktivitetar og møteplassar skapar gode, sosiale bumiljø. Gjennom aktiv bruk av ROS - og andre arealanalysar, har ein utvikla ei bygd med berekraftige kvalitetar og eit levedyktig sentrum. Grøntområde til rekreasjon og skilting av turområde støttar opp om ei god folkehelse i kommunen. Samarbeidet med nabokommunane gjer det mogleg å drive eit effektivt førebyggande arbeid, samtidig som ein har auka fokus og kompetanse på rehabilitering. Det regionale samarbeidet har skapt ein auka dialog og resultert i kommunale tenester av høg kvalitet i alle delane av regionen. Prosessane rundt kartlegginga av kva for nokre oppgåver kommunar og fylkeskommune skal ha, har gjort dei lokale styresmaktene medvitne om kva for nokre oppgåver som skal prioriterast, og om korleis me kan nytta ressursane våre på rett måte.

